

Her er kort uttale frå Alver kyrkelege fellestråd.

1. Det er bra at planen er tydeleg på at kommunen skal vera livssynsoppe. Trus og livssyn definerer mange menneske også i dagens samfunn.

2. Planen vektlegg blant anna å utvikla og oppretthalda møteplassar, og kyrkja har allereie fleire etablerte møteplassar for ulike aldersgrupper som fungerer godt. Nokre eksempel på dette er babysong/småbarnstreff, barnekor for ulike aldersgrupper, speidar, konfirmantleirar, ungdomsklubbar/treff, kvardagsmiddag der alle som vil kan delta, sorggrupper, arrangement for eldre, språkopplæring som ein del av integreringsarbeidet i høve flyktningar etc. Vi ønsker at Alver kommune i større grad vil samarbeide med kyrkja om å vidareutvikle og styrkje desse møteplassane som ein del av det førebyggjande arbeidet.

3. Kultur – og musikklivet; Alverkyrkja samarbeider i dag både med den kommunale kultur – og musikkskulen, samt skulemusikklag og musikkrefter lokalt, og ønskjer at dette samarbeidet kan styrkast.

4. Alver har mange fine og sentralt plasserte kyrkjebygg, og desse bør i større grad kunne nyttast til kulturaktivitetar og møteplassar for menneske i ulike aldersgrupper.

5. Planen legg vekt på at det frivillige arbeidet skal styrkast generelt. Kyrkja er ein stor aktør innan frivillig arbeid og legg til rette for etablering og oppretthalding av relasjonar mellom menneske, – dette bør inkluderast og synleggjerast i dette kapitlet (s. 45)

6. På side 42 i planen er det nytta tre bilete, to av dei kan bytast ut med bilete som i større grad set søkelys på mangfaldet i arbeidet vårt. (vi kan sende forslag)

7. I innleiinga til punkt om Livssyn står ein del tal/statistikk. Kvar kjem dei i frå? Det må gå fram av teksten, og dersom dei ikkje gjeld Alver spesifikt kanskje bli fjerna? Vi kan ikkje hugse at innbyggjarar er spurde om dei er nøgde med tilbodet innan trus- og livssynssamfunn i Alver. Kyrkja i Alver har 14 kyrkjer, ikkje 13. Vi reknar også Hjelmås kapell som kyrkje.